


Hei elevar ved Sykkylven ungdomsskule!



Vi gjentek suksessen frå i fjor og arrangerer Teknologifestival i Sykkylven, ein festival med spanande program, bedriftsbesøk og kjekke aktivitetar. Sjå gjerne innom nettstaden: <https://www.teknologifestivalen.com/> for meir informasjon. Sykkylven er ei teknologikommune der fokuset i industrien er automatisering og forenkling av produksjonsprosessar. I samband med Teknologifestivalen i veke 22, ønskjer vi også i år å arrangere **tf UNG** saman med 9.trinn ved Sykkylven ungdomsskule.

Sykkylven er ei teknologikommune der fokuset i industrien er automatisering og forenkling av produksjonsprosessar. I Sykkylven er det per i dag 190 industrirobotar i drift. Det representerer over 10% av alle industrielle robotar i Norge. Sykkylven er blant dei med høgast robottettleik i Norge, og kanskje Norden. I samband med Teknologifestivalen i veke 22, vert det og arrangert Barna sin teknologifestival i regi av Sykkylven industri og næringslag og biblioteket. Biblioteket vil ha fokus på teknologi gjennom veka. Vi planlegg aktivitetar der borna får utfolde seg og lære gjennom leik.

Vi i industrilaget ynskjer å utfordre 9. trinn ved Sykkylven ungdomsskule til å bidra til denne festivalen. Vi ynskjer å lage ulike aktivitetar med teknologi som tema, for barn i skulealder. Vi ser fram til eit spennande samarbeid med elevane på 9. trinn.

Mvh helsing

Helen Seth, Sykkylven bibliotek.

Magnus Løseth og Per Kjetil Våtmyr, Sykkylven Industri- og næringslag